

**Kommunedelplan for idrett, friluftsliv, fysisk  
aktivitet og folkehelse  
2011-2015**



**Flora Kommune**

**Vedteken i bystyret 1.juni – 2011**

**Innhold:**

	<b>Innleiing</b>	<b>4</b>
	<b>DEL 1; MÅL OG TILTAK</b>	<b>5</b>
<b>1.</b>	<b>Mål, satsingsområde og tiltak</b>	<b>5</b>
1.1	Fysisk aktivitet	5
1.2	Friluftsliv	5
1.3	Idrett	6
1.4	Samarbeid	6
<b>2.</b>	<b>Handlingsprogram</b>	<b>6</b>
2.1	Anlegg som skal prioriterast i fylkesdelplanen	6
2.2	Mindre kostnadskrevande anlegg	7
2.3	Handlingsprogram for ordinære anlegg og nærmiljøanlegg	8
2.4	Langsiktige behov	9
2.5	Drift av anlegg	10
2.6	Kart	10
	<b>DEL 2; UTGREIING OG BAKGRUNN FOR PLANEN</b>	<b>11</b>
<b>3.</b>	<b>Planprosess og samanheng med andre planar</b>	<b>11</b>
3,1	Planprosessen	11
3.2	Samanheng med andre planar i kommunen	12
3.2.1	Kommunedelplan for Floralandet Brandsøy 2006-2018	12
3.2.2	Kommunedelplan for Eikefjord	12
3.2.3	Kommunedelplan for Florø sentrum 2012-2016	12
3.2.4	Omsorgsplanen 2010-2015	12
3.2.5	Kommunedelplan for universell utforming for Flora Kommune 2010-2013	12
3.3.6	Oppvekstplanen 2011-2020	12
3.3.7	Helseplan for Flora Kommune 2012-2016	13
3.3.8	Økonomiplan for Flora Kommune	13
3.4	Kommunen si rolle	13

3.5	Ord og definisjonar	13
<b>4.</b>	<b>Resultatvurdering av planperioden 2005-2008</b>	<b>14</b>
4.1	Har planen fungert etter formålet?	14
4.2	Kvar har ikkje fungert?	14
4.3	Tema i førre plan som må følgast opp vidare i ny plan	15
<b>5.</b>	<b>Overordna føringar</b>	<b>15</b>
5.1	Statlege føringar og verkemiddel	15
5.2	Fylkeskommunale føringar	16
5.3	Universell uforming	16
<b>6.</b>	<b>Utviklingstrekk og analyse av framtidige behov</b>	<b>17</b>
6.1	Utfordringar i framtida	18
6.1.1	Fysisk aktivitet	19
6.1.2	Friluftsliv	19
6.1.3	Idrett	19
6.2	Samarbeid og rolleavklaring	20
	<b>Litteraturliste</b>	<b>22</b>

VEDLEGG:

- 1) Liste over eksisterande anlegg
- 2) Årshjul for spelemiddelsøknadar og rullering av handlingsprogrammet
- 3) Statistikk frå Sogn og Fjordane Idrettskrins

## INNLEIING:

Flora bystyre har som visjon at:

- Sunnfjordregionen skal vere eit trygt og godt område å bu i.
- Sunnfjordregionen skal ha eit tenestetilbod og eit næringsliv slik at folk med ulik utdanning og kompetanse vil busette seg her.
- Flora kommune kan sikre gode og trygge vilkår for oppvekst, arbeidsliv og alderdom.
- Kommunen skal vere ein stad der alle kjenner seg aksepterte og kan leve eit godt liv.

Visjonen skal vere retningsgjevande for alt planarbeid og aktivitetar i Flora kommune innanfor dei rammeføresetnader som gjeld for kommunen.<sup>1</sup> Kommunedelplanen for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse, er ein del av kommunens plansystem, og skal støtte desse visjonane.

Denne planen skal vere eit politisk og administrativt styringsorgan for tiltak innan idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse. Det fireårige handlingsprogrammet viser kommunens satsing på utbygging av anlegg i perioden, og er grunnlaget for tildeling av statlege tilskot til anlegg for idrett og friluftsliv (spelemidlar). Dei langsiktige behova for dei neste tolv åra skal vurderast.

Planen skal vidare:

- Sikre nødvendig areal for idrett og friluftsliv.
- Syte for at anlegg blir utvikla i nær forståing og samarbeid med frivillige lag, og vise desse sine behov og prioriteringar.
- Avklare rolle- og ansvarslinjer mellom kommune, idrettslag, friluftsforsamlingar og andre.
- Vere ein reiskap for budsjett- og økonomiplanarbeidet i kommunen.

Denne planen er delt inn i del 1 og del 2. Del 1 viser mål, satsingsområde, aktivitetstiltak og handlingsprogram. Del 2 er tekstdelen til planen, som viser bakgrunn for planen, føringar for planarbeid og utgreiing og analyse av 'no-situasjon' og framtidige behov.

---

<sup>1</sup> Budsjett og handlingsprogram 2011 s 7

## **DEL 1; MÅL OG TILTAK**

### **1. MÅL, SATSINGSOMRÅDE OG TILTAK**

Flora kommune skal sikre gode og trygge vilkår for oppvekst, arbeidsliv og alderdom. Kommunen skal vere ein stad der alle kjenner seg aksepterte og kan leve eit godt liv. For å oppnå god folkehelse er det viktig at arbeidet med idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet leggje vekt på å nå nye og inaktive grupper i befolkninga med tilpassa tilbod samt leggje til rette for sosialt samvær, deltaking og meistring. Flora kommune ønsker å leggje til rette for gode miljø og tiltak som stimulerer barn, unge og eldre til fysisk aktivitet.

#### **1.2 Fysisk aktivitet**

Alle skal ha moglegheit til å drive eigenorganisert fysisk aktivitet ut frå føresetningar, ønske og behov i lokalmiljøet.

- Sikre areal for nærmiljøanlegg gjennom kommuneplanen sin arealdel.
- Oppgradere og utvikle uteområda skular og barnehage, med tanke på motoriske utfordrande aktivitet for både jenter og gutar.<sup>2</sup>
- Gjennom rullering av handlingsprogrammet skal ein sikre eit mangfald av aktivitetsanlegg i heile kommunen.<sup>3</sup>
- Anlegg som stimulerer både til sommaraktivitet og vinteraktivitet prioriterast.
- Leggje til rette for utvikling av gode nærmiljø og lågterskeltilbod.
- Etablere frisklivssentral som eit tilbod til personar som treng hjelp til å endre levevanar knytt til m.a. fysisk aktivitet og kosthald.

#### **1.3 Friluftsliv**

I planperioden skal ein sikre eit godt vedlikehald og drift av friluftsområde, samt eit samarbeid omkring merking, gradering og informasjon av turstiar.

- Gjennom handlingsprogrammet skal ein prioritere oppgradering, og merking av turstiar og friområde.
- Utarbeide informasjonsmateriale om friluftsliv og friområde i Flora kommune.

---

<sup>2</sup> Med motorisk utfordrande, meiner ein her anlegg som stimulerer til ulike rørslemønster og intensitetar.

<sup>3</sup> Med mangfald meines anlegg som stimulerer til ulike former for fysisk aktivitet, både med tanke på belastning og motoriske utfordringar.

## **1.4 Idrett**

I planperioden skal ein sikre eit mangfald av idrettsanlegg, samt rehabilitering av eksisterande anlegg.

- Gjennom handlingsprogrammet skal ein prioritere ferdigstilling av påbegynte anlegg, samt rehabilitering av eksisterande anlegg.
- Starte eit ope - hall prosjekt i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.

## **1.5 Samarbeid**

I planperioden skal ein arbeide for og sikre eit godt samarbeid med dei frivillige organisasjonane, idrettsrådet og kommunen.

- Flora kommune vil ta initiativ til, og arbeide for, oppretting av eit interkommunalt friluftsråd, som kan sikre eit samarbeid omkring vedlikehald, merking av, og informasjon om friluftsområde.
- Utarbeide ein samarbeidsavtale med Flora Idrettsråd, med tanke på å sikre eit sjølvstendig og velfungerande idrettsråd.
- Gjennomføre seminar om spelemiddelordninga og søknadsskriving kvart år.

## **2. HANDLINGSPROGRAM**

Handlingsprogrammet viser belastninga på dei ulike kapitalkjeldene (kommunal, privat, spelemidlar), på dei åra investeringane er planlagde. Det er pr. 2011 eit etterslep i heile fylket på tildeling av midlar på omkring 5 år, lenger for store anlegg, mindre for små anlegg. Handlingsprogrammet er retningsgjevande, og er eit innspel til kommunen sin økonomiplan. Der anlegga skal kommunalt finansierast krev dette eigne vedtak. Ved rullering av handlingsprogram skal følgande kriterium vurderast:

- Anlegg som tilfredstiller satsingsområdet i planen, skal prioriterast.
- Godkjent søknad innan fastsett frist kvart år.
- Tid på lista

### **2.1 Anlegg som skal prioriterast i fylkesdelplanen**

Sogn og Fjordane fylkeskommune har fastsett at nokre anlegg skal styrast av fylkesdelplanen på området (sjå 5.2). Dette får konsekvensar for desse anlegga i Flora kommunen;

- Ridehall, Sunnfjord Hestesportssenter
- Golfanlegg, Brandsøy
- Skyteanlegg, Grovastøylen
- Rehabilitering av Flora hallen
- Rehabilitering av kunstgradekke. Florø stadion

- Motorsportsanlegg
- Hall over kunstgrasbane, Florø stadion
- Fleirbrukshall, Eikefjord
- Kunstgrasbane, Furheim

## **2.2 Mindre kostnadskrevande anlegg**

Det er ei eiga ordning for å søke midlar til mindre kostnadskrevande nærmiljøanlegg. I denne ordninga er det ikkje krav til idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning, og sakshandsamingstida er kortare. Ordninga gjeld, pr 2010, anlegg med ei total kostnadsramme på under 80 000. Det blir her gjort oppmerksom på at dette er ordninga kan endre seg i planperioden, og at søkarane har ansvar for å halde seg oppdatert på ordninga.

Det er i planperioden ønskeleg at lag og organisasjonar aktivt brukar denne ordninga, særleg med tanke på tilrettelegging av friområde og turstiar. Merking og utbetring av turstiar på Reksta og på Svanoøy, rasteplass og gapahuk i Standal/Svortevik og bål plass / gapahuk ved Litlevatnet, samt Bransøyåsen, er innspel til denne planen som vurderast egna for å søke tilskot gjennom ordninga. Vidare er det planlagd utbetringar av uteområde ved Torvmyrane skule.

## 2.3 Handlingsprogram for ordinære anlegg og nærmiljøanlegg

### Handlingsprogram - ORDINÆRE anlegg for idrett og friluftsliv i Flora kommune 2012-2015

kommunal finansiering, føreset eige vedtak i bystyret.

Alle tal i heile 1 000

grå markering = anlegg som prioriterast gjennom fylkesdelplan

\* anlegget får tildelt midlar gjennom fylkesdelplan i 2012-2013

\*\* kostnadsoverslag blir tilført anlegget ved neste rullering av handlingsprogrammet, desember 2011

Prosjekt (i prioritert rekkef.)	søk år	drift	SM anslag	2012		2013		2014		2015		Sum
				Kom.	Priv.	Kom.	Priv.	kom	Priv	Kom.	Priv	
Elektroniske anv.skiver Skytebane i Florø	2001	13	179									536
Hovden-Servicehus/HC-toalett - Nordsjøløypa	2008	30	205		410							615
Sunnfjord Hestesportsenter, Ridehall 24x66m*	2006	110	1320									4420
Sunnfjord Hestesportsenter, Rideb. 20x60	2006	110	700									4420
Sunnfjord Hestesportsenter, Stall	2006	110	700									4420
Sunnfjord Hestesportsenter, Klubbhus	2006	110	700									4420
Sunnfjord Hestesportsenter, Ridestiar	2006	110	700									4420
Seglsportsanlegg Furuholmen, kai, rampe, utstyrshus	2007	32	430									1300
Seglsportsanlegg Furuholmen, flytebrygge 1	2007	56	700									2250
Seglsportsanlegg Furuholmen, flytebrygge 2	2007	56	700				1550					2250
Seglsportsanlegg Furuholmen, garderobeanlegg	2007	20	264				536					800
Seglsportsanlegg Furuholmen, klubbhus	2007	60	700				1700					2400
Endurobane		50	660		1340							2000
Brandsøy - Golfanlegg - 6 hullsbane	2011	132	700									5300
Utvikling Eventyrskogen - sti og brygge	2011	22	440		440							880
Skateanlegg i sentrum		88	1100	1000	1400							3500
Rehabilitering tursti Brandsøyåsen		55	700			500	1000					2200
Tur/digitalkart heile Flora Kommune			200				400					600
Tursti rund Lillevatn		55	700	800	700							2200
Brandsøy skule - aktivitetsområde trinn 1		55	700			1520						2220
Brandsøy skule - aktivitetsområde trinn 2		55	700			1520						2220
Turveg Brendøya		25	330		665							995
Ski og akebakke - aust for Krokane skule		30	561		639							1200
Tursti over Lilleåsen		55	700	800	700							2200
Hytte, Fesse/Nordalsområdet(må søkast gjennom DNT)			1500								3000	4500
Lysanlegg grasbane, Florø Stadion		50	660	1340								2000
Garderobeanlegg - Humlestølen		8	99		201							300
Grovastøylen - 200 m bane	2011	69	700		2055							2755
Grovastøylen - Leirdue	2011	46	612		1245							1857
Grovastøylen - Viltmålbane	2011	37	485		985							1470
Grovastøylen - pistolbane	2011	55	700		1490							2190
Grovastøylen - klubbhus	2011	90	700		2900							3600
Grovastøylen - lager og driftsenhet	2011	90	700		2900							3600
Grovastøylen - garderobe	2011	90	700		2900							3600
Rehabilitering Flora hallen		300	4000							8600		12 600
Rehabilitering kunstgrasdekke - Florø stadion		25	330							770		1000
oppgradering med lys, uteområde Florø stadion/ hallen		12	165							335		500
Motorsportsanlegg - Botnastranda/Grovastøylen		300	3250		6532							9750
Sjøsportssenter - Sørstrand Folkepark		25	330		770							1000
Aktivitesjungle - Sørstrand Folkepark		25	330		770							1000
Utskifting løpedekke - Florø stadion			660	1340								2000
Universell Utforming Havhesten **												
<b>Sum ordinære anlegg</b>		<b>2661</b>	<b>30710</b>	<b>5280</b>	<b>29042</b>	<b>3540</b>	<b>5186</b>	<b>0</b>		<b>9705</b>		



## Handlingsprogram - NÆRMILJØ anlegg for idrett og friluftsliv i Flora kommune 2012-2015

Alle tal i heile 1 000

Kommunal finansiering, føreset eige vedtak i bystyret.

Prosjekt (i prioritert rekkef.)	søk år	drift	SM	2012		2013		2014		2015		Sum
				Kom.	Priv.	Kom.	Priv.	Kom.	Priv.	Kom.	Priv.	
Florø barneskole - kunstgrasbane	2010	10	200									400
Utvikling uteområde Florø Barneskole		10	200		200							400
Nærmiljøanlegg Florø Barneskole		10	200		200							400
turkart over sentrumsnære område			100	100	100							
Sørstrand miljøanlegg - sandvolleyballbane		5	100		100							200
opp/Universell utforming Leiren badeplass ((Svanøy)		5	100		100							200
opprusting/merking, turstiar Løkkebø/Langedal/Svar.		7	125		125							250
tilrettelegging/merking, Sunnivaieia, Reksta og Kinn		3	50		50							100
opprusting/rehabilitering ballbane Svanøy		7	130		130							260
Sørstrand miljøanlegg - stupeanlegg		3	50		50							100
Sørstrand miljøanlegg - orienteringsløype / natursti		8	150		150							300
sørstrand miljøanlegg - løypeanlegg for jogging og ski		12	200				300					500
Tursti, område Storevatn - Barneskolen		8	150			150						300
Turløype rundt Eikefjord sentrum			68		137							205
Urbant nærmiljøanlegg i sentrum		20	400			200	200					800
oppgradering uteområde, Krokane skule		5	100							100		200
utvikling av uteområde, Krokane skule		8	150							150		300
Aktivitetsanlegg - ved Florø stadion		10	200					200				400
nærmiljøanlegg - Norddalsmarka		12	200		300							500
<b>Sum nærmiljøanlegg</b>		<b>143</b>	<b>2873</b>	<b>0</b>	<b>1642</b>	<b>350</b>	<b>500</b>	<b>200</b>		<b>250</b>		<b>5815</b>

### 2.4 Langsiktige behov

#### Upprioritert langtidsprogram - anlegg for idrett og friluftsliv i Flora kommune (2011-2021)

Nærmiljøanlegg	stad	kostnad	merknad
Oppgradering uteområde	Nyheimsvegen barnehage	400 000	
Oppgradering uteområde	Dalvegen barnehage	400 000	
nærmiljøanlegg	Standal skule	400 000	
Ordinære anlegg	stad	kostnad	merknad
Park, kunstgras	Furheim	6 000 000	
Tribuneanlegg	Florø Stadion		
Fleirbruksahall	Eikefjord		
Strandpromenade	Florø sentrum		
Hall over kunstgrasbanen	Florø stadion		
Tur og ridesti	Brandsøyåsen		
Tennisbane	Eikefjord Idrettspark		
Oppgradering friidrettsdel	Eikefjord Idrettspark		

## 2.5 Drift av anlegg

Det er tre hovudtypar av drift av anlegg i Flora Kommune.

1. Kommuneanlegg og nærmiljøanlegg drifta av kommunen. Til dømes fleirbrukshall, kunstgrasbanar og anlegg tilknytta skulane.
  - Kommunen har framleis ansvaret for drift av desse anlegga. Dette ansvaret ligg pr. 2011 hos Idrettstenesta i Flora Kommune, og hos skulane.
2. Kommuneanlegg og nærmiljøanlegg drifta av frivillige organisasjonar. Til dømes Flora idrettssenter, nærmiljøanlegg bygd av grendalag og liknande.
  - Desse anlegga blir drifta av dei ulike eigarane av anlegga.
3. Mindre friluftsanlegg der ansvaret kan vere uklart. Dette gjeld først og fremst turstiar.
  - Når det gjeld friluftsanlegg, er eigarskapen kompleks. Samarbeid rundt drift av desse anlegga er viktig, samt klargjering av roller. Kommunen ønsker i denne samanheng å sikre ei god drift gjennom oppretting av eit friluftsråd slik det blir gjort greie for i denne planen.

Handlingsprogrammet ovanfor viser kostnadsoverslag knytt til drift og vedlikehald av anlegg.

## 2.6 Kart

Kart over eksisterande anlegg og friluftsområde, sjå Kommuneplanens arealplan, reguleringsplanar eller kommunens digitale kartsystem;

[http://www.florakart.no/gislinewebinnsyn\\_flora/](http://www.florakart.no/gislinewebinnsyn_flora/)

## DEL 2; UTGREIING OG BAKGRUNN FOR PLANEN

### 3. PLANPROSESS OG SAMANHENG MED ANDRE PLANAR.

#### 3.1 Planprosessen

Revisjon av *Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2005 – 2008* blei vedteken i Kultur og oppvekstutvalet i 2008. Sommaren 2009 blei arbeidet stoppa i påvente av fylkesdelplanen på området. Arbeidet blei tatt opp att hausten 2010 med ein framdriftsplan som ser slik ut:

Revidert framdriftsplan	2010				2011					
	sept	okt	nov	des	jan	febr	mars	apr	mai	juni
Rekruttering til arbeidsgruppe	■									
Arbeidsmøte	■	■	■		■	■				
Folkemøte					■	■	■			
1. gongs handsaming KUOP						■	■	■		
Høyring							■	■	■	
2. gongs handsaming KUOP									■	■
Bystyret										■

Frist for innspel til planen blei sett til hausten 2008. Då prosessen blei satt i gang igjen i blei det åpna for ein ny runde med innspel. Frist for innspel blei satt til 14.februar 2011. Innspel som har kome undervegs i prosessen har blitt vurdert. Folkemøte blei gjennomført 1.februar med om lag 50 frammøtte, her blei det gjennomført ein såkalla kafèdialog. Innspelsrunde og folkemøte blei annonsert gjennom Firdaposten, på kommunen si heimeside samt gjennom brev og e-post sendt ut til rundt 80 lag og organisasjonar i Flora kommune. Det blei gjennomført gruppearbeid i Ungdommens Bystyre.

For å sikre ei brei involvering frå interessegrupper, blei det danna ei arbeidsgruppe. Denne består av representantar frå 4H, Foreldrearbeidsutvalet for grunnskulen, Flora Eldreråd, Flora Idrettsråd, Flora Turlag og Rådet for Funksjonshemma. Frå administrasjonen si side har folkehelsekoordinator deltatt og kultur og idrettskonsulenten har hatt prosjektansvar. Arbeidsgruppa har hatt 6 møte i perioden august 2010 til mars 2011. Arbeidsgruppa var òg tilstades på folkemøte og hadde ei sentral rolle i gjennomføringa av dette.

Mål for planprosessen:

- Å sikre ei brei involvering frå interesseorganisasjonar, gjennom arbeidsgruppe.
- Å ivareta allmenne interesser i utarbeiding av planen gjennom folkemøte og offentlig høyring.
- Mål, tiltak og anlegg må forankrast i andre planar i kommunen, og drift og ansvarsområde må definerast.

### **3.2 Samanheng med andre planar i kommunen**

I dette kapittelet blir det gjort greie for gjeldande planar i kommunen, som legg eller bør legge føringar for arbeidet med kommunedelplanen for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse.

Kommuneplanen er delt i to delar, ein arealplan og ein samfunnsplan. Alle arealplanane i Flora Kommune legg føringar for bruk av områda. Med utgangspunkt i dei overordna føringane for planane, blir det her gjort greie for konsekvensane for denne planen.

#### **3.2.1 Kommunedelplan for Florelandet Brandsøy 2006-2018**

Kommunedelplan for Florelandet Brandsøy er førande arealplan i området, og evt utbygging må følge retningslinjene skissert i planen. Planen definerer nokre område som viktige friluftsområde. Utvikling av stinett i desse områda bør prioriterast. Ein bør ta høgde for opprusting av leikeområde og friområde i området.

#### **3.2.2 Kommunedelplan for Eikefjord**

Utbygging av anlegg for idrett og friluftsliv, må følge retningslinjer i kommunedelplan for Eikefjord. God tilgang på leike og rekreasjonsområde i Eikefjord bør prioriterast.

#### **3.2.3 Kommunedelplan for Florø sentrum 2012-2016**

Den kommande sentrumsplan blir den gjeldane arealplan for utbygging i Florø sentrum i planperioden. Anleggsutbygging må derfor følge retningslinjer i sentrumsplanen. Utvikling av rekreasjonsområde rund Litlevatnet, Litleåsen, Storevatnet må takast inn i handlingsprogrammet til kommunedelplan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse. Samtidig må planen ta høgde for utvikling av kart og informasjonmateriale. Aktivitetsanlegg ved skytebanen, samt skateboardanlegg må også takast med i planen. Eit tiltak med strandpromenade må takast inn.

#### **3.2.4 Omsorgsplan 2010-2015**

Der viktig å sikre lett tilkomst til anlegg for fysisk aktivitet i nærområde, som er tilpassa eldre og dei med nedsett funksjonsevne.

#### **3.2.5 Plan for universell utforming 2010-2013**

Alle kommunale og private offentlege bygg, inkludert idrettsanlegg og nærmiljøanlegg skal stette krava om universell utforming.

#### **3.2.6 Oppvekstplan 2011-2020**

Anlegga tilpassa barn og unge sine krav er viktig med tanke på at Flora kommune skal vere attraktiv for barnefamiljar, og gi eit godt oppvekstmiljø.

### 3.2.7 Helseplan for Flora kommune 2012-2016

Fysisk aktivitet er eit viktig ledd i det førebyggjande folkehelsearbeidet. Denne planen bør derfor legges til grunn eit folkehelseperspektiv, og ta høgde for aktivitet med ein låg terskel og tilknytning til nærmiljø.

### 3.2.8 Økonomiplan for Flora kommune

Økonomiplanen viser dei gjeldane investeringstiltaka i kommunen. Økonomiplanen blir revidert kvart år, og gjeld for fire år. Når det i denne planen står at anlegg krev kommunal finansiering, føreset dette eigne vedtak i bystyret på dette. Denne planen er rettleiande, og viser dei idrettsfaglege vurderingane, behov og prioriteringane i forhold til anleggsutbygging. Planen er eit innspel til kommunen sin økonomiplan.

## 3.3 Kommunen si rolle

Kommunen si rolle er å legge til rette og sikre rammene for arbeid innan idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse i kommunen. I arbeidsdelinga mellom kommunen og frivillig sektor, har organisasjonane ansvar for aktivitetane og verdigrunnlaget i laga. Kommunen sitt ansvar er:

- Sikre kommunal styring av anleggsutbygging.
- Medverke til etablering av gode arenaer og areal for fysisk aktivitet.
- Legge til rette for gode oppvekstvilkår i sunne, helsefremjande miljø.
- Gjennom eit samarbeid med lag og organisasjonar styrke folkehelsearbeidet i kommunen.

## 3.4 Ord og definisjonar<sup>4</sup>

Idrett: er aktivitet i form av trening, eller konkurranse i organisert idrett.

Fysisk aktivitet: er eigenorganisert trenings- og mosjonsaktivitetar, også friluftsliv og lek.

Friluftsliv: opphald og fysisk aktivitet i friluft, i fritida, med sikte på miljøforandring og naturopplevingar.

Folkehelse; med folkehelse meiner ein innbyggjarane sin helsetilstand og korleis dette fordeler seg blant innbyggjarane.

Spelemiddelordninga deler anlegg opp i tre typar.

---

<sup>4</sup> Sentrale ord og definisjonar av desse, er henta frå Kultur- og kirkedepartementet; *Veileder. Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet*, V-0798B, 2007

- Nærmiljøanlegg er anlegg eller område som er tilrettelagd for eigenorganisert fysisk aktivitet, som ligg nært opp til bu- eller opphalds område. Anlegga skal vere fritt allment tilgjengeleg. Det er særlege tilskotsatsar for denne typen anlegg.
- Ordinære anlegg er anlegg som er knytt til konkurranse- og treningsvirke for organisert idrett. Det er særlege krav til mål og utforming av anlegga, og det er egne tilskotsatsar for ulike anlegg.
- Nasjonalanlegg er idrettsanlegg som tilfredstiller tekniske og funksjonelle standardkrav for avvikling av relevante internasjonale meisterskap og konkurransar. Denne type anlegg får sin status frå Kultur- og kyrkjedepartementet, og er avgrensa.

Friluftsområde og friområde: er grønne område som er ope for allmenn fri ferdsel. Friluftsområde er store, uregulerte område ofte i privat eige. Friområde er avgrensa område med spesiell tilrettelegging og opparbeiding for allmenn rekreasjon og opphald.

## **4. RESULTATVURDERING AV PLANPERIODEN 2005-2008**

### **4.1 Har planen fungert etter formålet?**

Innleiinga i den første planen stadfestar at "planen skal sikrast ei god løpande evaluering i planperioden". Kommunen ønska også at planen skulle sette søkelys på idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet på ein tydeleg og heilskapleg måte. Dessutan blei det vektlagt at konkrete og målbare mål og tiltak var viktig.

Planen har satt søkelys på tema i planen. Handlingsprogrammet har fungert som eit styringsverktøy i forhold til utbygging av anlegg. Omkring 50% av nærmiljøanlegga og omkring 80% av ordinære anlegg har blitt bygd. Dei fleste har fått tildelt spelemidlar, men på grunn av eit etterslep i heile fylket, er det anlegg som ikkje har fått tilsegn om midlar ennå. I tillegg til anlegga i handlingsprogrammet har fem anlegg blitt rullert inn i handlingsprogram for nærmiljøanlegg. Alle desse er ferdigstilt, og har fått utbetalt spelemidlar.

### **4.2 Kva har ikkje fungert tilfredstillande?**

Det er mange anlegg i handlingsprogrammet, særleg nærmiljøanlegg, som ikkje er blitt realisert. Samtidig har anlegg som ikkje var del av handlingsprogrammet, blitt rullert inn. Dette kan tyde på at forankringa av plan og anleggsprosjekt ikkje har vore godt nok innarbeidd hos den enkelte anleggseigarar.

Trass i at perioden der planen har fungert har blitt utvida med to år, er det fleire anlegg som er bygd, eller under utbygging som ikkje har fått tildelt spelemidlar. Dette tyder på at det har vore for mange anlegg, med for store kostnader, i handlingsprogrammet. Talet ordinære anlegg har gjort tildelinga av spelemidlar uforutsigbar, dette har ført til usikker finansierings- og driftsplan hos enkelte anleggseigarar.

Målsettingane i planen er omfattande. Dei er vanskeleg å bruke, og derfor også vanskeleg å måle. Tekstdelen er prega av gjentakingar. Det har ikkje vore tilfredstillande fokus på utsette grupper og inaktive.

#### **4.3 Tema i førre plan som må følgast opp vidare i ny plan.**

Anlegg som har starta bygge- og søknadsprosess i forhold til spelemidlar, må takast med i ny plan. Vidare er folkehelse kort nemnd i den førre planen. Dette er eit viktig tema som skal arbeidast vidare med som eit underbyggande tema i planen, og som grunnlag for satsing på anleggsutbygging.

## **5. OVERORDNA FØRINGAR**

### **5.1 Statlege føringar og verkemiddel**

Tre departement legg føringar innan planfeltet:

- Kulturdepartementet utformar politikk på idrettsområdet.
- Miljøverndepartementet har ansvar for friluftspolitikken.
- Helse- og omsorgsdepartementet arbeider med politikk innan helsefremmande og førebyggjande arbeid.

Stortingsmeldingar, handlingsprogram, rundskriv osv. viser statens mål og rammer for planområdet. Innan idrett viser desse eit særleg fokus på barn og unge i alderen 6-19 år.<sup>5</sup> Dei økonomiske verkemidla er difor særleg retta mot denne gruppa for eksempel gjennom lokale aktivitetsmidlar (LAM) som går direkte til idrettslaga. Vidare er det sentralt i statens føringar for tildeling av spelemidlar, at "anlegg i lokalmiljø som stimulerer og tilfredstiller borna sin trong til fysisk aktivitet i organiserte eller eigenorganiserte former vert prioritert særskilt."<sup>6</sup> Det satsast på anlegg som kan brukast av mange og som legg til rette for eigenorganisert fysisk aktivitet.<sup>7</sup> Kvart år gir Kulturdepartementet ut *Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet*, her blir den statlege anleggspolitikken og føringar for tildeling av spelemidlar presentert.

Denne ordninga er under revisjon, og framlegg til nye retningslinjer vil komme hausten 2011. Dette vil kunne gi nye føringar for denne planen.

"Det er eit nasjonalpolitisk mål at alle skal ha muligheit til å drive friluftsliv som helsefremmande, trivselsskapande og miljøvennleg aktivitet i nærmiljøet og i naturen for øvrig."<sup>8</sup> Tilskotsordningar for aktivitet og tilrettelegging innan friluftsliv blir formidla gjennom Miljøverndepartementet og Friluftslivets fellesorganisasjon ([www.frifo.no](http://www.frifo.no)). Det gis også tilskot gjennom spelemiddelordninga til friluftsanlegg.

<sup>5</sup> Helse- og omsorgsdepartementet; *Handlingplan for fysisk aktivitet 2005 – 2009. Sammen for fysisk aktivitet*. I-1104 B, 2004

<sup>6</sup> Det kongelige kulturdepartement; *Føresegner. Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2010*. V-0732 N. 2010

<sup>7</sup> Kultur- og kirkedepartementet, 2007

<sup>8</sup> *ibid.*

I brev frå fylkesmannen blir kommunen oppfordra til å prioritere friluftstiltak. Han ber også om at ein ikkje avgrensar planen til å berre gjelde fysiske anlegg og tiltak, men at ein også tar med korleis ein skal stimulere til deltaking i idrett og friluftsliv.

Helse og omsorgsdepartementet sendte 18.okt 2010 ut høyring om forslag til ny folkehelselov. Forslaget til ny folkehelselov skal medvirke til ei samfunnsutvikling som styrker folkehelsa og utjamnar sosiale ulikskapar i helse og levekår. Lova skal avklare ansvar og oppgåver samt gi kommunane og fylkeskommunar eit verktøy for å møte framtida sine helseutfordringar og forplikte sentrale helsemyndigheiter til å støtte kommunar og fylkeskommunar i folkehelsearbeidet. Hovudtrekka i lovforslaget er at ansvaret for folkehelsearbeidet bli lagt til kommunen i sin heilskap. Kommunane må ha oversikt over helseutfordringar og påverknadsfaktorar og skal fastsette mål og strategiar for folkehelsearbeidet som er eigna til å møte desse utfordringane, samt sette i verk tiltak. Helseutfordringane skal danne grunnlag for ei lokal planstrategi i kommunen samtidig som drøftinga av fylket sine utfordringar skal inngå i ein regional planstrategi.

## 5.2 Fylkeskommunale føringar

Fylkeskommunen fordeler spelemidlar med utgangpunkt i ei statleg ramme. *Fylkesdelplanen for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse 2010-2013* trekk opp retningslinjer for utbygging av store anlegg som skal byggast med tilskot frå spelemidlar. Sogn og Fjordane fylkeskommune har fastsett at nokre anlegg skal styrast av fylkesdelplanen. Dette er:

- Fleirbrukshallar, spesialhallar som til dømes fotballhallar, kunstishallar, ridehallar, symjehallar, bowlinghallar og tennishallar.
- Alpinanlegg med høgdeskilnad på 100 m eller meir.
- Golfanlegg
- Motorsportsanlegg
- Kunstgrasbanar med storleik 60x100 m
- Kunstisbanar
- Nye utandørs skytebanar

Sogn og Fjordane fylkeskommune fordeler spelemidlar slik at 70% av ramma til anlegg blir styrt av fylkesdelplanen og ca 30% av ramma blir styrt av kommunedelplanane.<sup>9</sup>

## 5.3 Universell utforming

Prinsippet om universell utforming inneber at dei fysiske omgivingane, det vil seie bygningar og uteareal, blir utforma på ein slik måte at dei kan brukast av alle menneske på ein likestilt måte,

---

<sup>9</sup> Sogn og Fjordane Fylkeskommune; *Fylkesdelplan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse 2010-2013*. Vedteken i fylkestinget 13.10.2009



medrekna personar med nedsett rørsleevne, syn, hørsel og forståing, og med nedsett toleranse for ureining og allergiframkallande middel. Hovudmålet er å oppnå likestilling og deltaking av personar med nedsett funksjonsevne ved å fjerne hindringane og syte for at nye ikkje oppstår.

Universell utforming har ei formell forankring i Plan og bygningslova og Diskrimineringslova. FN sine standardreglar om likeverd og rett til å bestemme sjølv, uavhengig av kjønn, rase, religion, funksjonsevne eller anna, ligg òg til grunn i dei sentrale menneskerettsideala.

Kultur og kyrkjedepartementet har utarbeidd *Veileder: Universell utforming av idretts- og nærmiljøanlegg*.<sup>10</sup> Her blir det lagt vekt på å tilgjenge nås gjennom hovudløyisinga, slik at det ikkje er nødvendig med særsløyisingar eller liknande. Viktige stikkord når det gjeld universell utforming er å unngå hindringar ankomst og kommunikasjonsveggar, god lyssetting med tydelege fargar og kontrastar, god akustikk og demping av bakgrunnsstøy samt hørselstekniske hjelpemiddel, dessutan enkle og lett gjenkjennelege omgivnader. I tillegg er det viktig å ha eit bevisst forhold til materiale, reinhald, luftkvalitet og beplanting både inne og ute. Sjå også Flora kommune sin kommunedelplan for Universell utforming.

## 6. UTVIKLINGSTREKK OG ANALYSE AV FRAMTIDIGE BEHOV

Dette kapitelet vil skissere dagens situasjon med tanke på fysisk aktivitet og bruk av idretts- og friluftsanlegg, med utgangspunkt i omfattande nasjonale kartleggingar i 2008 og 2009.<sup>11</sup> Rapporten *Fysisk aktivitet; omfang, tilrettelegging og sosial ulikhet*, samt statistikkar frå Sogn og Fjordane idrettskrins omkring medlems- og aktivitetstal i idrettslaga i Flora kommune blir òg nytta til å skissere status.<sup>12</sup>

Helsa til det norske folket er på mange måtar svært god. Den forventa levealder for kvinner er 82,3 år og for menn 77,5 år. Likevel er det store helseforskjellar blant innbygarane i dag, og forskning viser at dette har nær samanheng med utdanningsnivå, yrke og inntekt.<sup>13</sup> Befolkninga i Flora Kommune er forholdsvis ung i forhold til resten av landet, men *Omsorgsplanen* viser at det vil vere ein kraftig vekst av eldre fram mot 2030.<sup>14</sup> Kommuneplanen sin samfunnsdel peikar på ei forventa auke i arbeidsløyse i kommunen.<sup>15</sup> Dessutan viser statistikkar at Flora ligg over landsgjennomsnittet når det gjeld langtidssjukemeldingar og sosialhjelp. Desse faktorane påverkar nivået på fysisk aktivitet, noko som igjen heng saman med helsa generelt.

Helsedirektoratet tilrår at vaksne er fysisk aktive med moderat til høg intensitet i minimum 30 minutt kvar dag. For born blir det anbefalt 60 minutt fysisk aktivitet dagleg.

<sup>10</sup> Kultur- og kirke departementet; *Veileder. Universell utforming av idretts- og nærmiljøanlegg*. V-0511B, 2008

<sup>11</sup> Andersen, Sigmund A et.al; *Fysisk aktivitet blant voksne og eldre i Norge. Resultater fra en kartlegging i 2008-2009*. Helsedirektoratet, 2009

Andersen, Sigmund A et.al; *Fysisk aktivitet blant barn og unge i Norge. En kartlegging av aktivitetsnivå og fysisk form hos 9-15 åringer*. Helsedirektoratet, 2008

<sup>12</sup> Breivik, Gunnar et.al; *Fysisk aktivitet; omfang, tilrettelegging og sosial ulikhet*. Nasjonalt råd for fysisk aktivitet, 2011. For statistikk; sjå vedlegg

<sup>13</sup> Flora kommune; *Budsjett og handlingsprogram 2011*, s 9

<sup>14</sup> Flora Kommune; *Omsorgsplan 2010-2015*. vedtatt 2010.

<sup>15</sup> Flora kommune; *Budsjett og handlingsprogram 2011*. Vedtatt 2010

Avhengig av metode får ein ulikt resultat, men alle tre rapportane referert til her, konkluderer med at barn og unge er meir aktive enn vaksne. 75 – 90% av niåringar tilfredstiller kravet om fysisk aktivitet og rundt 50 % av 15 åringane tilfredstiller krava.<sup>16</sup> Litt over ein fjerdedel av den vaksne norske befolkning (over 15 år) tilfredstiller minimumskrava om fysisk aktivitet.<sup>17</sup>

Generelt kan ein dele fysisk aktivitet inn i tre former; organisert idrett, privat treningstilbod (treningscenter og liknande) og eigenorganisert aktivitet. Den største arena for trening er eigenorganisert.<sup>18</sup> 2/3 av befolkninga rapporterer at dei går turar i skog og mark.<sup>19</sup> Samtidig viser rapportane at vaksne er meir aktive i helgene, mens barn og unge er aktive i kvardagen. Gutar er meir aktive enn jenter.<sup>20</sup>

I Flora kommune er omkring 40% aktive og medlem av eit eller fleire idrettslag.<sup>21</sup> Statistikkane viser òg at over 90% av 6-12 åringar er medlem av idrettslag. Her er det viktig å hugse på at ein kan vere medlem og aktiv i fleire idrettslag. Dei to største idrettane er fotball og friidrett. Det har vore ein liten nedgang i aktivitetstala i idrettslaga dei seinare åra, men dette skuldast truleg justeringar i registreringa av medlem. Mellom 800 og 900 er medlem i ein friluftsgeselskap i kommunen. Friluftsgeselskapane organiserer opne turar for alle. Som rapportane ovanfor signaliserer er tradisjonelt friluftsliv slik som turgåing den mest nytta forma for fysisk aktivitet. Denne forma for aktivitet er også som oftast uorganisert og derfor ikkje registrert på same måte som aktiviteten i idrettslaga.

Samanliknar ein desse tala med rapportane ovanfor, ser ein den same utviklinga, der barn og unge har det høgste aktivitetsnivået. Det er grunn til å tru at aktivitetsnivået i Flora Kommune liknar det som ein ser elles i landet.

## 6.1 utfordringar i framtida

Ei utfordring som det blir peika på i resultatvurderinga av førre plan, er at det ikkje har vore eit tilfredstillande fokus på inaktive og utsette grupper. Flora kommune har dei siste åra hatt ei stor satsing på utbygging av idrettsanlegg, noko som har generert stor aktivitet blant både unge og eldre. Den uorganiserte idretten har hatt mindre fokus og planen ynskjer difor at det vert satsa meir på tilrettelegging for utvikling av nærmiljøanlegg for å nå nye og inaktive delar av befolkninga. Gode nærmiljøanlegg og tilbod om lågterskelaktivitet vil stimulere fleire til meir aktivitet på fritida. Dette er eit perspektiv som vert lagt til grunn i dei vurderingane som er gjort i planen. Dette blir òg understreka i den nye folkehelselova som vektlegg betydninga av ei samfunnsutvikling som styrker folkehelsa og utjamnar sosial ulikskap i helse og levekår.

### 6.1.1 Fysisk aktivitet;

---

<sup>16</sup> Andersen et.al, 2008 s 6

<sup>17</sup> Breivik et.al, 2011,s 6

<sup>18</sup> Breivik et.al, 2011,s 27

<sup>19</sup> Breivik et.al, 2011,s 18 og Andersen et.al, 2009, s 49

<sup>20</sup> Andersen et.al, 2008, s 6

<sup>21</sup> sjå vedlegg

Utdanning, diskusjon omkring fysisk aktivitet i familien, tilrettelagde tilbud for trening, og fysisk aktivitet, i nærmiljøet er faktorar som påverkar og bestemmer nivået for fysisk aktivitet.<sup>22</sup> Den viktigaste motivasjonen er knytt til helse og livskvalitet, samtidig som den største hinderet handlar om tid.<sup>23</sup>

Utgreiinga ovanfor viser at turgåing er den mest utbredde forma for fysisk aktivitet. Tilrettelegging av turområde i nærmiljøet er derfor eit viktig tiltak med tanke på å stimulere til fysisk aktivitet. Unge, eldre og dei med nedsett funksjonsevne skal ha moglegheit til å røyre seg fritt.

Utgreiinga viser også at barn og unge er mest aktive i kvardagen og særleg i skuletida. Det er derfor viktig å legge til rette for meir fysisk aktivitet i skulen. Då jenter er mindre aktive enn gutar, er det nødvendig å sjå på anlegg og tiltak som stimulerer jentene til aktivitet. Innspel frå folkemøte peikar på at det er viktig å sikre meir aktivitet og kompetanse innan fysisk aktivitet i skulane. Eit viktig stikkord her er glede og mangfald av bevegelsesmønster.

Det er også viktig å framover sikre område for den uorganiserte idretten, samt å stimulere til meirbruk av idretts- og nærmiljøanlegg gjennom tilbud med låg terskel.

#### 6.1.2 Friluftsliv:

I Flora kommune er det mange friluftsliv- og friområde i sentrumsnære område. Brandsøyåsen, Storåsen, Litleåsen og Litlevatnet er sentrale område. Områda er i dag mykje brukt, og enkelte område treng kontinuerleg vedlikehald. Områda stimulerer og til ulike grad av fysisk utfolding, dette er eigenskapar som er viktig å halde fast i, slik at ein beheld eit mangfald av tilbud i nærområdet.

Friområda, det vil seie område med spesiell tilrettelegging, er viktige rekreasjonsområde. Det er viktig å sikre areal til desse, samt å arbeide for eit breitt spekter av aktivitetstilbod knytt til områda.

I tillegg til å legge til rette og vedlikehalde turområde, er merking og informasjon om dei ulike rekreasjons og friluftslivsområda viktige tiltak i forhold til meirbruk. Ei samordning av merking og gradering og informasjonsmateriale vil kunne sikre ei breidde og kvalitet av turstiar i heile kommunen. I ei slik samordning er det også viktig å ha klare rollefordelingar. Ein må sikre vedlikehald av områda gjennom eit godt samarbeid mellom frivillige organisasjonar, og mellom organisasjonar og kommunen.

#### 6.1.3 Idrett:

Det har vore bygd mange ballbingar i Flora kommune dei seinaste åra. Nokre av desse er i dag i dårleg stand. Flora kommune har mange større anlegg, nokre er under utarbeiding, men det er eit godt mangfald. Døme på dette er Florø idrettssenter, Florø Stadion, Sunnfjord Hestesportssenter og Furuholmen seglsportssenter (ikkje ferdig bygd). Dessutan er eit større felles skyteanlegg på Grovastøylen under utbygging. Det er i den kommande planperioden viktig å ferdigstille desse anlegga, samt å sikre godt vedlikehald av eksisterande anlegg.

I forhold til nærmiljøanlegg viser utgreiingar at desse er viktige, då avstand til anlegg for fysisk aktivitet er avgjerande for bruken. Anlegg i tilknytning til skule er sentrale, då desse når alle barn og

---

<sup>22</sup> Andersen et.al, 2009, s 8

<sup>23</sup> Breivik et.al, 2011, s 6

unge. Her er det ønskeleg å prioritere anlegg som er motorisk utfordrande, og tilrettelagt for at både jenter og gutar aktiviserast.

På folkemøtet blei det ytra sterke ønske om opne idrettsanlegga dei tidene anlegga er lite i bruk, som fredag kveld og helger, utan høge kostnader. Ved å nytte idrettsanlegga på denne måten kan ein stimulere inaktive grupper til meir fysisk aktivitet, og låge kostnader legg til rette for at ressursvake grupper kan nytte seg av tilbodet.

## 6.2 Samarbeid og rolleavklaring

Eit mål for planprosessen er å avklare rollene i forhold til anlegg og aktivitet mellom kommunen og frivillige lag og organisasjonar. Overordna har lag og organisasjonar ansvar for aktivitet og verdigrunnlag, mens kommunen har ansvar for å legge til rette for anleggsutbygging og sikre areal for friluftsliv og fysisk aktivitet.

Kommunen har ansvar for sakshandsaming av alle spelemiddelsøknadar i kommunen. Ei prioritert liste over desse blir kvart år førelagt bystyret, saman med rulleringa av handlingsprogrammet i denne planen. Kommunen har ei viktig rolle i forhold til å rettleie i søknadsprosessen for tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet (spelemlidar).

Idrettslaga i kommunen er organisert gjennom Flora Idrettsråd. Kommunen har sekretærfunksjon i rådet. Idrettsrådets oppgåver og mandat er forankra i Norges Idrettsforbund sine lover.<sup>24</sup> Idrettsrådets ansvar og oppgåver er.<sup>25</sup>

- å arbeide for best mogleg forhold for idretten i kommunen
- styrke idrettens rolle og rammevilkår i lokalsamfunnet
- vere ein møteplass og utviklingsarena i skjeringpunktet mellom offentleg og frivillig virke
- vere ein arena for samarbeid mellom laga og dei kommunale myndigheitene
- foreta prioriteringar på vegne av idrettslaga
- dokumentere og synleggjere idrettens lokale omfang

Idrettsrådet er den viktigaste møteplassen mellom kommunen og idretten. Det er eit viktig prinsipp at saker av felles interesse for idretten blir formidla gjennom idrettsrådet. For å sikre eit godt samarbeid, er det nødvendig med kontinuitet og felles forståing for arbeidet. Det er òg nødvendig å sikre gode og demokratiske prosessar rundt idrettssaker.

Analysen ovanfor peikar òg på at det er viktig med eit samarbeid omkring friluftsområda i kommunen. Langs heile kysten av Noreg er det interkommunale samarbeid innanfor friluftsliv, organisert i friluftsråd. Dei fleste av desse samarbeida er forankra som interkommunale samarbeid etter kommunelova. Formålet er å legge til rette for samarbeid og tilrettelegging på tvers av kommunegrensene, med den tanke at turbrukaren eller turisten ikkje ser kommunegrensene, men det

---

<sup>24</sup> Trender, Odd N et.al; *Når én pluss én blir mer en to. En veileder for samarbeid mellom kommune og idrettsråd*. KS og NIF, 2009

<sup>25</sup> Ibid.

geografiske området ein nyttar. Eit friluftsråd kan ha mange oppgåver, men det viktigaste i vår region bør vere å få på plass eit organ som arbeider og sikrar område for friluftsliv, rekreasjon og reiseliv. Døme på dette kan vere turstiar, uthamner, kajakkløyper, sykkelløyper, turboktrim, kart og informasjon mm. Eit friluftsråd kan også arbeide med aktivitetsskapande tiltak, som ikkje er kommersielle, i samarbeid med kommunar og organisasjonar. Eit interkommunalt friluftsråd kan vere med å betre forholda for tre kommunale satsingsområde; friluftsliv, folkehelse og reiseliv.

## LITTERATURLISTE:

Andersen, Sigmund A et.al; *Fysisk aktivitet blant barn og unge i Norge. En kartlegging av aktivitetsnivå og fysisk form hos 9-15 åringer.* Helsedirektoratet, 2008

Andersen, Sigmund A et.al; *Fysisk aktivitet blant voksne og eldre i Norge. Resultater fra en kartlegging i 2008-2009* Helsedirektoratet, 2009

Breivik, Gunnar et.al; *Fysisk aktivitet; omfang, tilrettelegging og sosial ulikhet.* Nasjonalt råd for fysisk aktivitet, 2011

Det kongelige kulturdepartement; *Føresegner. Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2010.* V-0732 N. 2010

Helse- og omsorgsdepartementet; *Handlingplan for fysisk aktivitet 2005 – 2009. Sammen for fysisk aktivitet.* I-1104 B, 2004

Kultur- og kirkedepartementet; *Veileder. Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet,* V-0798B, 2007

Kultur- og kirkedepartementet; *Veileder. Universell utforming av idretts- og nærmiljøanlegg.* V-0511B, 2008

Sogn og Fjordane Fylkeskommune; *Fylkesdelplan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse 2010-2013.* Vedteken i fylkestinget 13.10.2009

Trender, Odd N et.al; *Når én pluss én blir mer en to. En veileder for samarbeid mellom kommune og idrettsråd.* KS og NIF, 2009

## FLORA KOMMUNE:

Budsjett og handlingsprogram 2011

Helse og omsorgsplan for Flora Kommune 2012-2016

Kommunedelplan for Florelandet Brandsøy 2006-2018

Kommunedelplan for Florø sentrum 2012-2016

Kommunedelplan for Eikefjord

Kommunedelplan for universell utforming i Flora Kommune 2010-2013

Omsorgsplan 2010-2015

Oppvekstplan 2011-2020

**Vedlegg 1: Idretts- og friluftsanlegg, kulturbygg m.m. i Flora kommune – eit utdrag**

<p><b>Ballbinge</b> Solheim skule/grendahus, ballbinge Torvmyrane Båtevika nærmiljøanlegg Norrdalsmarka ballbinge Krokane skule, ballbinge Rognaldsvåg, "Havglimt", ballbinge</p> <p><b>Ballløkke</b> Sørgaardfeltet (Eikefjord), ballløkke Møteplass for fysisk utfolding Krokane skule - nærmiljøanlegg Solbakken Brandsøy skule og grendahus Breivika ballløkke Svanøy skule grendehus Flora vidaregåande skule Florø barneskule</p> <p><b>Fleirbrukshall</b> Flora idrettshall Florø idrettssenter</p> <p><b>Vannsportsanlegg</b> Furuholmen</p> <p><b>Fotballanlegg</b> Flora stadion Eikefjord stadion Flora vidaregåande skule Moane stadion Eikefjord stadion Eikefjord stadion, kunstgrasbane Florø stadion Florø idrettssenter, fotballhall</p> <p><b>Friidrettsanlegg</b> Eikefjord stadion Florø stadion Florø stadion, utviding av løpebana Kanalen Florø stadion, innandørs løpebana Florø idrettssenter, løpebane Moane stadion</p>	<p><b>Skianlegg</b> Humlestøl lysløype Storåsen lysløype</p> <p><b>Svømmeanlegg, inne</b> Florabadet / Havhesten</p> <p><b>Tennisanlegg</b> Florø stadion</p> <p><b>Turløyper/sti</b> Nordsjøløyp på Svanøy, Hovden, Stavang Ferdsløyper i fjella i Norrdalsfj Brandsøyåsen tursti Grytadalsbu-Årebrot, Sørbotnen Børabu – Fessebu, Grytadalsbu Blåbrebu – Fessebu, Gjeugnabu Storåsen Turveg Nærøya Turveg, nærmiljøanl Kystmuseet - Båtevika, turveg Kyrkjebukta Eikefjord</p> <p><b>Ulike småanlegg</b> Torget Eikefjord skule, nærmiljøanlegg Nybømarka Brendøyvegen nærmiljøanlegg Askrova nærmiljøkart Brandsøy skule, lysanlegg, ball Florø Barneskule, naturanlegg Kyrkjebukta aktivitets- og nærm Askrova grendahus Florø barneskole Flora vidaregåande skule Solheim skule/grendahus Stavang skule/grendahus</p> <p><b>Skateboardanlegg</b> Skateanlegg Torvmyrane skateboardrampe</p> <p><b>Golfanlegg</b> Brandsøy - golfbane</p>	<p><b>Aktivitetsal</b> Flora vidaregåande skule  Flora barneskule Askrova grendahus O.s.s. grendahus Solheim skule/grendahus  Svanøy skule/grendehus Årebrot grendehus Stavang skule/grendahus</p> <p><b>Idrettshus</b> Florø stadion - speakerbu Moane stadion Eikefjord stadion Florø stadion Kyrkjebukta Eikefjord Florø stadion - sekretariatsbygg Flora Hestesportsenter Nordsjøløypa Hovden, sanitæranl Florø stadion</p> <p><b>Idrettspark</b> Furuhaugane ball-og basketløkke</p> <p><b>Klatreanlegg</b> Florø idrettssenter, klatrevegg</p> <p><b>Kulturbygg</b> Steinhovden skule/grendahus Høydalane Grendahus Torvmyrane - skule og kulturhus Allhus, Eikefjord Brandsøy skule og grendahus Rognaldsvåg, "Havglimt" Flora samfunnshus Svortevik/Standal grendehus Askrova bedehus</p> <p><b>Hestesportanlegg</b> Sunnfjord Hestesportsenter</p> <p><b>Sandvolleyballbane</b> Kyrkjebukta Eikefjord</p>
--	---	--

## Vedlegg 2; Årshjul



Tidspunkt	Hending	Ansvarleg	Merknad
Vår	Kurs i søknadsskriving og tilskotsordning til anlegg for idrett og friluftsliv	Kommunen	Kurset blir annonsert gjennom kommunen si heimeside, samt gjennom kontakt med aktuelle søkarar frå handlingsprogrammet.  Søkar har ansvar for å sette seg inn i føresegner omkring ordninga. Kommunen har ansvar for å rettleie i denne prosessen.
1. september	Frist for innsending av søknadar til kommunen.	Søkar	Søkar har ansvar for å levere inn godkjend søknad innan fristen. Ettersending av dokumentasjon skjer berre etter avtale med sakshandsamar.  Søknadar som er sendt inn etter frist blir ikkje vurdert.  Søknadsskjema er elektronisk; <a href="http://www.idrettsanlegg.no">www.idrettsanlegg.no</a>
Oktober /november	Kommunal sakshandsaming av søknadar. Idrettsrådet får rullering av handlingsprogrammet på høyring.	Kommunen	
Desember	Handlingsprogrammet og prioritert liste, vedtas i bystyret.	Kommunen	
15. januar	Kommunal frist for oversending av søknadar til fylkeskommunen.	Kommunen	
15. mars	Fylkeskommunen sin frist for oversending av søknadane til departementet.	Fylkeskommunen	
1. mai	Departementet gjer tilbakemelding til fylka om kvart fylke si økonomiske ramme.	Departementet	Ramma blir vurdert utifrå fylket si samla søknadsmasse med godkjende søknadar.
Juni	Fylkeskommunal prioritering av søknadane.		Dette blir gjort av hovudutvalet. Det kommunale handlingsprogrammet blir tillagd stor vekt når fylkeskommunen prioriterar søknadane.  Søkar kan forvente å få tilsagns- eller avslagsbrev i løpet av juni.
To år	Anlegget skal vere ferdig og rekneskapen levert.	Søkar	Sjå <a href="http://www.idrettsanlegg.no">www.idrettsanlegg.no</a> for krav til rekneskap.  Søkar fyller ut rekneskapsskjema, og tar kontakt med sakshandsamar i kommunen for teknisk godkjenning.




### Vedlegg 3; Statistikk frå Sogn og Fjordane Idrettskrins.

Kjelde: Sogn og Fjordane Idrettskrins / idrettsregistreringa

DM 425388





Idrettar og aktivitetstal pr. 01.01.10

#### Aktivitetstal idrettene 2009

Idrett	0-5 år	6-12 år	13-19 år	Over 20 år	Totalt	Tal klubbar
Fotball	37	369	342	492	<b>1240</b>	5
Friidrett	75	463	129	441	<b>1108</b>	3
Handball	13	255	200	203	<b>671</b>	1
Ski	32	42	26	100	<b>200</b>	2
Seiling	0	0	30	160	<b>190</b>	1
Fleridrett	0	0	11	171	<b>182</b>	2
Ridning	0	58	55	67	<b>180</b>	1
Motorsport	1	26	48	91	<b>166</b>	2
Klatring	0	34	36	50	<b>120</b>	1
Sykling	0	17	24	63	<b>104</b>	1
Golf	0	2	3	72	<b>77</b>	1
Symjing	5	14	22	13	<b>54</b>	1
Bandy	0	11	31	7	<b>49</b>	1
Dykking	0	0	0	42	<b>42</b>	1
Gym / turn	10	6	17	3	<b>36</b>	2
Skyting	0	0	0	18	<b>18</b>	1
Tennis	0	0	5	13	<b>18</b>	1
Orientering	0	0	0	17	<b>17</b>	3
Basketball	0	1	15	1	<b>17</b>	1
Kickboksing	0	2	8	5	<b>15</b>	1
Styrkeløft	0	0	0	2	<b>2</b>	1
Volleyball	0	0	0	0	<b>0</b>	1
Skiskyting	0	0	0	0	<b>0</b>	1
<b>Totalt</b>	<b>173</b>	<b>1300</b>	<b>1002</b>	<b>2031</b>	<b>4506</b>	

Fordeling aktivitetstal 2009

